

# NORGES BONDELAG



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Vår saksbehandler  
Hildegunn Gjengedal  
+47 90 51 83 79

Vår dato  
26.01.2015  
Deres dato

Vår referanse  
15/00101-1  
Deres referanse

## Høring forslag til ny postlov

Norges Bondelag vil med dette avgi høring på forslag til ny postlov.

Norges Bondelag har 62 000 medlemmer spredde over heile landet. Vi har som mål å samle alle som er bønder eller kjenner seg knytte til bondeyrket, fremje felles saker, trygge landbruket og ivareta bygdene økonomiske, sosiale og kulturelle interesser. Forslaget til ny Postlov vil kunne få store konsekvensar for distrikts-Noreg, og er difor av interesse også for Norges Bondelag. Våre medlemmer er avhengige av ei velfungerande postteneste som gir gode løysingar for lokalsamfunn over heile landet.

### Innføring av EUs tredje postdirektiv svekkar utviklinga av distrikts-Noreg

Samferdsledepartementet foreslår i den nye postlova å innføre EUs tredje postdirektivs prinsipp om fri konkurranse for brevsendingar under 50 gram. Tidlegare har Noreg gjennom EØS-avtala teke inn EUs fyrste og andre postdirektiv, som innførte fri konkurranse for post over 50 gram. Om Samferdsledepartementets forslag til ny postlov blir innført, vil dermed alle postsendingar i prinsippet vere lagt ut for konkurranse. Etter ein lang og grundig prosess brukte regjeringa Stoltenberg for fyrste gong reservasjonsretten i EØS-avtala mot EUs tredje postdirektiv, mellom anna etter stor motstand frå distrikts-Noreg. Spørjeundersøkingar viser at 3 av 4 nordmenn er imot innføringa av EUs tredje postdirektiv. Denne reservasjonen mot det tredje postdirektivet blir no oppheva. Posten misser dermed sin einerett til å levere brev under 50 gram.

### Dyrare og dårlegare for distrikta

I dag har Posten leveringsplikt 6 dagar i veka, og det er geografisk einskapsporto for sendingar som er omfatta av denne eineretten. Dette vil falle bort med regjeringa sitt forslag til ny Postlov.

Regjeringa foreslår å oppretthalde einskapsporto for enkeltsendingar. Det er bra. Men dette utgjør berre rundt 10% av sendingane. For masseutsendingar, som utgjør rundt 90% av denne marknaden, foreslår regjeringa å ikkje oppretthalde einskapsporto. Det vil seie at det vil bli dyrare å sende post for bedrifter i distrikta. Dette vil skape ein

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	<b>Besøksadresse:</b> Landbrukets Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO	<b>Telefon:</b> 22 05 45 00	<b>E-postadresse:</b> bondelaget@bondelaget.no
<b>Norges Bondelag</b> Bondelagets Servicekontor AS	<b>Org.nr.:</b> 939678670 <b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05.12891 <b>Bankkonto::</b> 8101.05.91392	<b>Internett:</b> www.bondelaget.no

Vår dato  
26.01.2015

Vår referanse  
15/00101-1

---

konkurransulempe for desse bedriftene samanlikna med konkurrentar i meir sentrale strøk. Dette vil kunne ramme våre medlemmer, i tillegg til at mange av våre medlemmer er avhengige av desse bedriftene i distrikta for levering av tenester. *Norges Bondelag går difor imot ei oppheving av einskapsportoer for masseutsendingar.*

Regjeringa foreslår å *fjerne leveringsplikta for postomdeling på laurdagar*. Dette vil gi eit dårlegare posttilbod for våre medlemmer. Regjeringa har to alternative forslag til laurdagsomdeling av aviser: Fjerning av omdelingsplikta eller oppretthalding i område utan eigen avisdistribusjonsnett. *Norges Bondelag meiner omdelingsplikta må oppretthaldast, så også folk i distrikta kan få avis tilsendt på laurdagar.*

### **Dyrare for staten?**

Det nye forslaget til Postlov vil kunne auke staten sine utgifter. Forskingsinstituttet Oslo Economics har i ein nyleg framlagt rapport slått fast at behovet for statleg oppkjøp av posttenester vil vere mellom 2 og 3 milliardar kroner per år i 2025 på grunn av fall i brevvolum og auka konkurranse under det tredje postdirektivet. Dette er ein auke på mellom 130 millionar og 1 milliard i forhold til dagens utgifter, avhengig av kor sterk konkurransen blir. I dag kan Posten bruke overskotet i dei sentrale områda på å subsidiere tapa i dei mindre lønsame områda. Ein slik moglegheit vil falle vekk ved oppheving av ein retten til omdeling av post under 50 gram. Posten vil dermed kunne bli ståande som einetilbydar i dei mindre attraktive områda, samtidig som dei opplever konkurranse i dei meir lønsame områda. *Ein slik auka kostnad for staten vil dermed kunne gi eit auka overskot til private tilbydarar i attraktive område, og mindre midlar til statlege formål som tener heile samfunnet. Det vil bli ein kamp mellom mange gode formål i dei årlege forhandlingane om statsbudsjettet for midlar til statleg kjøp for å dekke opp tapt fortjeneste i postmarknaden.*

### **Dårlege erfaringar frå EU**

EU vedtok det tredje postdirektivet i 2008. I 2013 hadde alle medlemslanda innført direktivet og posten i EU var dermed fullt liberalisert. EU slår sjølv fast at liberalisering av postmarknaden har hatt negative konsekvensar, og vurderer å endre lovverket. Medan store bedriftskundar har tent på liberaliseringa, har brevportoer for privatkundar gått opp. Det viser m.a. erfaringar frå Sverige. Ein forskingsrapport av Christoph Hermann/Forba frå 2013 slår fast at dei nye tilbydarane av posttenester ikkje bryr seg med å opprette landsomfattande infrastruktur. Dei fokuserer i staden på store bedriftskundar som kan plukke opp post hjå bedrifta og levere til tettbygde strøk to eller tre gonger i veka av ein fleksibel arbeidsstokk. Dette gir auka press på tidlegare einelevarandørar som må levere i heile landet. Taparane blir privatpersonar og småbedrifter, særleg på bygda, og dårlegare løns- og arbeidsvilkår. *Ei slik utvikling er lite ynksjeleg for dei norske distrikta. Regjeringa bør lære av dei negative effektane i EU, og ikkje innføre eit direktiv som kan få slike negative effektar for privatpersonar og næringsliv i distrikta.*

### **Konklusjon: Frårådar liberalisering**

*Norges Bondelag fråråder regjeringa å liberalisere brevpost under 50 gram som lagt fram i forslag til ny postlov. Vi trur denne liberaliseringa vil kunne føre til ei dyrare og dårlegare postteneste for folk som bur i distrikta. I tillegg vil ordninga kunne bli dyrare for staten, og ein mindre forutsigbar ordning når bevilling av midlar som sikrar ein lik pris over heile landet blir gjenstand for årlege budsjettforhandlingar.*

Vår dato  
26.01.2015

Vår referanse  
15/00101-1

---

Vi fryktar at dei erfaringane vi ser i mange EU-land med dyrare posttenester for små firma og privatkundar i distrikta vil kunne bli resultatet også i Noreg. Regjeringa bør lære av dei negative erfaringane i EUs postmarknad etter innføringa av det tredje postdirektivet, og ikkje innføre ei liknande ordning i Noreg.

Med vennlig hilsen

*Elektronisk godkjent, uten underskrift*

Anne Thorine Lundstein

Hildegunn Gjengedal